



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane - høyringsvar

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal og har følgjande fråsegn til verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane:

Høyringsutkastet har eit realistisk syn på kva utfordringar fylket har. Dokumentet er godt gjennomarbeidd og tek for seg hovudsatsingar og kva som skal til for å få vekst og utvikling i Sogn og Fjordane.

Planen bør byggja vidare på dei regionale fortrinna vi har. Sogneregionen har sterke industrimiljø. Næringane industri, bergverk og landbruk har nedgong i sysselsetjinga og har samstundes ei auke i verdiskapinga. Innfasing av ny teknologi og automatisering minskar trongen for ufaglært arbeidskraft samstundes som produktiviteten aukar. Tilgang til teknologitenester er eit viktig utviklingsområde og det må utviklast ny kunnskap. Planen er lite tydeleg på industripolitikk, og regionrådet ber difor om at industristrategi/-politikk blir teken inn i planen. Styrka kompetansemiljø, tilgang til arbeidskraft og samarbeid på tvers av ulike miljø innan industrien bør koma tydelegera fram i kap. 8 - Satsing på kunnskap.

Det er stor vekstkraft i dei nye næringane. Nye verksemder vil måtte kompensera for dei rasjonaliseringane eksisterande verksemder må gjennom. For å nå målet om 100 nye arbeidsplassar i året må ein prioritera næringar som veks nasjonalt og etablera fleire nye verksemder enn i dag.

Halvparten av dei framtidige jobbane finst ikkje i dag. Entreprenørskap er derfor viktig satsingsområde i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule. Vi har arbeidd med entreprenørskap i mange år i Sogn og har gode erfaringar med samarbeid mellom næringsliv og skule. Fagrapporten «Entreprenørskap i Sogn og Fjordane» inneheld mange gode forslag som bør følgjast opp i det vidare arbeidet. Vidareutvikling av samarbeidet mellom skule og næringsliv er aktuelt område å ta inn i pkt 7.3 – Entreprenørskap.

For å stimulera til nærings- og samfunnsutvikling bør det arbeidast for å utvikla nettverk. Særleg nettverk mellom ulike bedrifter (horisontale nettverk). Her bør det offentlege både på fylkes- og kommunenivået kunne finne si rolle og bidra aktivt til å skapa arenaer som gjev grobotn for samarbeid og utvikling. Planen bør også ta høgde for at ein hjelper fram gode initiativ som ikkje er planlagde.

Tettare samarbeid mellom næringsapparata i kommunane kan gje meir kapasitet og betre resultat. Ressursane som næringsapparata representerer bør i større grad fokusera på å lukkast gjennom å arbeida saman med naboen/regionen/fylket. Det regionale perspektivet bør styrkast og fylkeskommunen bør halda fram med å ha ei rolle med å styrka næringsapparatet i kommunane.

Vi må gjera oss attraktive for unge folk mellom 25 og 40 år («livsstilsflyttarar») som tenkjer på å etablera eiga verksemd. Eit oversiktleg næringsapparat, tydeleggjering av roller og betre koordinering mellom aktuelle aktørar bør ha prioritet framover.

Planen bør også omtale verdiskapinga i Verdsarvområdet.

Det er gjort eit godt og konkret planarbeid i høyringsutkastet. Utfordringa blir å jobba med tiltakssida - å gå frå ord til handling. Resultata skal visast att etter gjennomføring av handlingsplanane. Det vil styrka det vidare arbeidet om kommunane/regionane si rolle blir gjort tydelegare i planen.

Det vert elles vist til høyringssvara frå kommunane.

Med helsing

Harald Offerdal
leiar i Sogn regionråd
(sign)